

## Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 05.09.2007, 10:00 - 15:00  
 Møtestad: Rica Maritim Hotell, Haugesund

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

### Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen	Gisle Handeland
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	Magnar Lussand
Nestleiar	Medlem
Reidun Korsvoll	
Medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Svein Andersen	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Ellen Solheim	
Medlem	
Gunvor Sunde	
Medlem	
Helge Espelid	
Medlem	

### Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Kommunikasjondirektør Bjørg Sandal
Personal- og organisasjondirektør Hilde Christiansen
Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

<b>Saker:</b>	
069/07 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
070/07 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 27. juni 2007
071/07 O	Administrerande direktør si orientering
072/07 B	Rapportering frå verksemda pr. 31. juli 2007
073/07 B	Helse 2020 – Strategi for helseregionen
074/07 B	Utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalen Betanien
075/07	Eventuelt

## **Presentasjon av Helse Fonna HF ved styreleiar Magnus Skåden**

Magnus Skåden presenterte status og utfordringar i Helse Fonna HF.

Helse Fonna HF har meir enn 3000 tilsette. Helse Fonna har eit desentralisert behandlingstilbod både innan somatikk og psykiatri.

Økonomisk resultat har ikkje vore godt nok i juni og juli, men gjennomføring av planlagde tiltak gjer at føretaket framleis har ambisjonar om å nå prognose i samsvar med budsjett.

Epikrisetid er på veg opp igjen mot målet på 80%, og visar 71% i juli.

Både talet på korridorpasientar og overbelegg er på veg nedover mot eit akseptabelt nivå.

Helse Fonna har gjennomført fleire gode prosjekt, har gode medisinske resultat, er i stand til å auke produksjonen og i "nedgangstid" og føretaket har gjennomført fleire gode prosjekt som "flytprosjekt" og marknadsføring av psykiatritilbod.

Utfordringar vidare:

- Rekruttering av personell
- God marknadskommunikasjon
- Få til ein varig akseptabel driftsøkonomi
- Skaffa ein trygg kapitalbase/ likviditet/arbeidskapital
- Utvikla ein god driftskultur i heile organisasjonen

Styret ønskte å sjå filmane som er utarbeidd for å presentere psykiatritilbodet i Helse Fonna HF på neste styremøte.

## **069/07 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Kommentarar:**

#### **Forfall:**

Gisle Handeland og Magnar Lussand hadde meldt forfall til møtet.

#### **Følgjande dokument var delt ut i møte:**

- Notat til AD si orientering pkt 4 - Korridorpasientar Sandviken
- Spørsmål frå Ellen Solheim – om støtte til studenthelseteneste ved SUS
- Brev til HOD, dagsett 110307 – Tilskottordning for helsetenester til studentar
- Program for styreseminar på Sundvollen 17. og 18. september

#### **2 ekstra punkt på AD si orientering – orientering i lukka møte:**

Styreleiar orienterte om at siste del av møtet blir lukka for å orientere styret om 2 saker:  
AD si orientering pkt 11 og 12:

11. Rettssak – Capio (Ofl § 5 (1)
12. LAR-Rogaland (Ofl § 6.2a)

#### **Eventuelt:**

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

- Finansiering av studenthelseteneste ved universitetet i Stavanger – svar på skriftleg spørsmål (Ellen Solheim)
- Fordeling av midlar til føretaka i Helse Vest – Svar på skriftleg spørsmål (Ellen Solheim)
- Ventetid på CT ved Stavanger Universitetssjukehus (Ellen Solheim)
- Plan for internrevision (Inger Hamborg)
- Årleg møte mellom det regionale brukarutvalet og RHF-styret (Oddvard Nilsen)

#### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **070/07 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 27. juni 2007**

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 27. juni 2007.

## **071/07 O Administrerande direktør si orientering**

#### **Ope del:**

1. **Rapport frå berekningsutvalet for spesialisthelsetenesten (BUS)**  
Administrasjonen oppsummerte hovudkonklusjonane i berekningsutvalet for spesialisthelsetenesten sin rapport for 2006.
2. **Statens eierberetning 2006 og Regjeringens eierpolitikk**

13. juni 2007 presenterte Nærings- og handelsdepartementet "Statens eierberetning for 2006". Eit slikt dokument blir lagt fram kvart år og formålet er å gi ein oversikt over det statlege eigarskapet, korleis eigarskapet blir forvalta og korleis utviklinga er i dei selskap som staten har eigardel i.

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er nemnd strategiprosjektet Helse 2020, regional plan for rusbehandling, ekstraløyving til opptrenings- og rehabiliteringstenester, høg forskingsaktivitet og det regionale e-handelsprosjektet. I tillegg er det gitt ein omtale av den økonomiske utviklinga. Frå og med i år har Nærings- og handelsdepartementet også lagt fram eit nytt årleg dokument om regjeringa si eigarpolitikk. Det nye dokumentet gir uttrykk for regjeringa si eigarpolitikk slik den er forankra ved handsaminga av St. meld. nr. 13 (2006-2007) *Et aktivt og langsiktig eierskap*. På denne måten ønskjer regjeringa mellom anna å lette styra sitt strategiske arbeid ved at dei forventningar og mål som staten har som eigar, er klare.

### **3. Statsrådsbesøk i Bergen 22. august**

Statsråden besøkte Helse Bergen 22. august. Programmet innehaldt innlegg om prioritering og aktivitetsstyring, ernæring og Helse Bergen som offentleg aktør.

Statsråden besøkte og slageininga ved nevrologisk avdeling og vaskeriet ved Haukeland universitetssjukehus.

### **4. Korridorpasientar – Sandviken**

Helse Vest RHF fekk i brev av 09.03.05 frå Statens helsetilsyn pålegg om å rette på forholda ved Sandviken sjukehus i Helse Bergen HF. Sandviken sjukehus og Helse Bergen hadde forut for dette over lang tid slitt med overbelegg og korridorpasientar på akuttpostane.

Det blei i samband med pålegget utarbeidd ein handlingsplan og Helse Vest RHF har i samarbeid med Helse Bergen deretter kvar månad rapportert på overbelegg og korridorpasientar ved akuttpostane og framdrifta i gjennomføringa av dei planlagde tiltaka.

Det har i denne perioden vore ein klar nedgang i bruk av korridorsenger men ein har ikkje lykkast å bli kvitt problemet heilt. Det har ved rapportering i 2007 vore mellom 1 og 3 korridorpasientar i snitt kvar månad i dei 100 sengeplassane som er omfatta.

På denne bakgrunn blei Helse Vest RHF i brev av 11.06.07 frå Statens helsetilsyn gitt varsel om tvangsmulkt.

Statens helsetilsyn har satt tvangsmulktas størrelse til kr 600 000 pr månad. Mulcta er heimla i spesialisthelsetenestelova § 7-2, jf § 7-1. Det er ei månadleg løypande mulkt og trer i kraft dersom Helse Vest RHF ikkje har etterkome pålegget innan 1. okt. 2007.

Det blir no sett i verk følgjande tiltak i Helse Bergen HF:

- 18 pasientar blir utflytta til mellombelse tiltak i samarbeid med Bergen kommune innan 1. oktober 2007. Det blir etablert to mellombels tiltak, eit i lokale ved Bjørgvin DPS og eit i B-sjukehuset i Bergen, i påvente av at nye botilbod blir ferdig i Bergen kommune. Bergen kommune har ansvar for drifta. Helse Bergen dekker delar av driftsutgiftene.
- Det blir etablert ein post ved Askviknes vaksenpsykiatriske senter med ansvar for mottak av pasientar frå sjukehusavdelingane. Minimum 8 av plassane blir øyremerkt til pasientar frå sjukehuset.
- Psykiatrisk klinikk blir omstrukturert slik at kapasiteten blir auka med 8 plassar til mottak av nye pasientar. Det medfører bruk av plassar på eininga Dr. Martens.
- Det blir sett meir fokus inntaket til det psykiatriske akuttmottaket (PAM) og styrking av dei ambulante tenestene.

- Vedtak og avgjerd om overflytting mellom sjukehus og DPS-a ved stor pågang til akuttmottaket blir gjort klarare slik at kapasiteten samla kan utnyttast betre.

**Vidare prosess:**

Saka blir følgt opp overfor styret i Helse Bergen HF.

Styret understrekar alvoret i varselet frå Statens helsetilsyn. Styret føreset at tiltaka som Helse Bergen nå gjennomfører løyser problema med korridorpasientar ved Sandviken og i psykiatrien i Bergen, om naudsynt i samarbeid med dei andre helseføretaka.

Styreleiar/adm.direktør følgjer opp saka mot styret i Helse Bergen

**5. Gjennomgang av legefordeling i Helse Vest**

Administrasjonen orienterte om at SINTEF har meldt i frå om at dei likevel ikkje kan ta på seg oppdraget med å gå igjennom legefordelinga i Helse Vest. Dette vil føre til ei utsetting på 3 – 4 månader. Styret var opptekne av at dette er ein viktig sak, og at gjennomgangen må gjennomførast så snart som mogleg. Aktuelle leverandørar vart diskutert. Styret ønskte å bruke konsulentfirma til dette arbeidet, og ikkje eigne helseøkonomimiljø, for å unngå at nokon kan oppfatte gjennomgangen er uhilda.

**6. Helseføretaka sitt arbeid for å sikre likebehandling – vidare prosess**

Bakgrunnen for saka er den mye omtala ”ambulansesaka” i Sofienbergparken i Oslo 6. august 2007. I etterkant av dette innkalte Statsråden styreleiar og administrerande direktør i alle regionale helseføretak til møte 14. august. Som ei oppfølging av dette møtet har Helse- og omsorgsdepartementet i brev dagsett 23. august bedt om tilbakerapportering frå RHFet innan oktober 2007.

Det vil i løpet av hausten 2007 vere ein prosess for inkludering og likeverdig behandling, i føretaksgruppa Helse Vest. Dette går på likeverdig behandling av pasientar og pasientgrupper, uavhengig av nasjonalitet, hufarge, kjønn, sosial status med meir. Det er ei målsetjing for Helse Vest RHF at alle skal ha same rettar og mogelegeheter for god behandling, og at diskriminering ikkje skal skje.

Arbeidet med Helse 2020 har mellom anna lagt til grunn følgjande:

- Pasienten skal stå i sentrum for heile verksemda vår
- Brukarane skal erfare at Helse Vest oppfattar alle som likeverdige, og at vi møter mangfaldet i samfunnet på ein balansert og god måte

Innan utgangen av året skal vi ha ferdig heilskaplege etiske retningslinjer. Dette er eit arbeid som blei påbegynt våren 2007 i samarbeid med helseføretaka.

Dette viktige temaet bør bli tatt opp i direktormøte, i alle styra i helseføretaka, i leiargrupsene og i møte med tillitsvalde.

Styret var samde om at det blir det sendt ut brev til alle helseføretak i Helse Vest, der dei blir bedt om å prioritere dette viktige arbeidet med å sikre at helsetenesta sine bærande verdiar om likebehandling blir etterlevd.

**7. Tilsettingar i Helse Vest RHF hausten 2007**

Administrasjonen viste til tidlegare informasjon om tilsettingprosesser for ledige stillingar i Helse Vest RHF.

Det er no tilsett i følgjande stillingar: Pasienthjelpar, bygg- og eigedomssjef, internrevisor og rådgivar i fagavdeling innan psykiatri. Vi har også fått ny konserntillitsvalt for SAN.

Alle stillingane er og på plass ved felles tenestesenter for løn og rekneskap for Apoteka Vest HF, Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF.

Følgjande stillinger er det førebels ikkje er tilsett i: Prosjektleiar i Eigaravdelinga og Rådgivar i økonomi- og finansavdelinga med arbeidsområde innkjøp/kontraktsadministrasjon/logistikk.  
Ny rekrutteringsprosessen vil bli vurdert gjennomført hausten 2007.

I mai 2007 blei den nye rekrutteringsportalen, som ein del av MOT-prosjektet, tatt i bruk i heile føretaksgruppa. Pr. 15. august er det registrert 3395 elektroniske søknader i heile føretaksgruppa.

Rekruttering til ledige legestillingar i Helse Førde er framleis i prosess. Det er venta at alle stillingane som skal inngå i "Campusmodellen" i Polen vil vera avklart innan utgangen av september. Helse Førde har 12 stillingar i dette rekrutteringsprogrammet.

Styret ønskte ein presentasjon av tilbodet og ei oppsummering av dei fyrste erfaringane med pasienthjelpar på neste styremøte.

8. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
9. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
10. **Oversikt over høyringar**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.

**Lukka del:**

11. **Rettssak – Capio (U.Off. Ofl § 5 (1))**  
Adminstrasjonen orienterte om saka.
12. **LAR-Rogaland (U.Off. Ofl § 6.2a)**  
Adminstrasjonen orienterte om resultatet av forhandlingar med Frelsesarmeén om LAR-Rogaland. Styret sluttar seg til dei konklusjonane som følgjer av avtalen.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok meldingane til orientering

## **072/07 B Rapportering frå verksemda pr. 31. juli 2007**

**Kommentarar:**

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon pr 31. juli 2007.

**Kvalitet:**

Mengda epikrisar som er sende innan 7 dagar gjekk opp med heile 10 % i juli samanlikna med mai 2007, og delen ligg no på 66 %. Alle dei fire helseføretaka har hatt ei stigning i delen sendte epikrisar i juni og juli 2007. Helse Førde har no den høgaste delen med om lag 72 %, medan Helse Bergen ligg lågast med 50 %.

Det generelle bildet er at den gjennomsnittlege ventetida har gått opp i samband med avvikling av sommarferien, på same måte som i 2006. Gjennomsnittleg ventetid for både dei med og utan rett til nødvendig helsehjelp innan somatikk var i mai på 87 dagar. I juli var det på 97 dagar.

Det har vore ei auke i ventetidene innan barne- og ungdomspsykiatrien. Gjennomsnittleg ventetid for både dei med og utan rett til nødvendig helsehjelp var i mai på 92 dagar. I juli var det på 99 dagar.

Gjennomsnittleg ventetid innan psykisk helsevern for vaksne, både for dei med og utan rett til nødvendig helsehjelp, var i mai på 93 dagar. I juli var det på 109 dagar

#### Aktivitet:

Aktivitetstala for perioden januar til juli viser at aktiviteten målt i sjukehusopphald er 1,2 % lågare enn på same tidspunkt i 2006.

Utviklinga målt i DRG-poeng viser ein vekst på 1,7 %, mot 1,9 % i førre månad.

#### Økonomi:

Resultatet for juli månad viser eit negativt avvik på kr 28,2 mill. Det er Helse Stavanger som har det største avviket med minus kr 13,2 mill.

	<b>Faktisk</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjettavvik</b>	
<b>Apoteka Vest</b>	5,788	2,796	2,991	
<b>Helse Bergen</b>	-95,614	-94,195	-1,419	
<b>Helse Fonna</b>	-32,369	-16,857	-15,512	
<b>Helse Førde</b>	-38,378	-15,021	-23,356	
<b>Helse Stavanger</b>	-93,269	-26,075	-67,194	
<b>Kjøp av helsetenester</b>	2,731	-11,158	13,889	
<b>Helse Vest (Mor)</b>	-1,318	504	-1,822	
<b>Helse Vest IKT</b>	-381	1,718	-2,098	
<b>Sum</b>	<b>-252,809</b>	<b>-158,287</b>	<b>-94,521</b>	
<b>OMSTILLINGSUTFORDRING 2007</b>	<b>Budsjettert omstilling 2007</b>	<b>Realisert av årsbudsjett per Juli</b>	<b>Estimat for året</b>	<b>Endring</b>
Helse Stavanger	87 716	28,8 %	78 024	-9 692
Helse Fonna	49 300	38,0 %	43 785	-5 516
Helser Bergen	229 341	40,8 %	204 920	-24 421
Helse Førde	70 479	32,5 %	39 407	-31 072
<b>Sum Helse Vest</b>	<b>436 836</b>	<b>36,7 %</b>	<b>366 136</b>	<b>-70 700</b>

Helseføretaka har pr juli realisert 36,7 % av dei budsjetterte omstillingstiltaka som er satt for 2007. Det tilsvarer kr 160,3 mill. Viss ein tar omsyn til føretaka sin prognose for omstillingstiltaka så inneber det at i dei siste fem månadene av 2007 må dei til saman realisere tiltak tilsvarende kr 205 mill.

	<b>Årsprognose: A</b>	<b>Årsbudsjett: B</b>	<b>Avvik: = A-B</b>
<b>Apotekene Vest</b>	2,043	4,387	-2,344
<b>Helse Bergen</b>	-153,000	-153,000	-0
<b>Helse Fonna</b>	-20,100	-38,000	17,896
<b>Helse Førde</b>	-81,500	-38,000	-43,500
<b>Helse Stavanger</b>	-134,100	-51,000	-83,100
<b>Helse Vest (Mor)</b>	0	-0	0
<b>Kjøp av helsetjenester</b>	-24,000	-24,000	0
<b>Helse Vest IKT</b>	233	233	0
<b>Sum</b>	<b>-410,424</b>	<b>-299,380</b>	<b>-111,048</b>

Medarbeidarar:

Det samla sjukefråværet ved utgangen av juli er på 7%. Tal einingar med lågare sjukefråvær enn 4,5% var ved utgangen av juli 61,3 %.

Det totale talet på tilsette er for juli månad var 24 765. Dette er ein nedgang på 617 frå april 2007.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest er ca 100 netto månadsverk lågare for juli 2007 i forhold til same tid i 2006.

Styret var uroa over det aukande talet på fristbrot, spesielt i Helse Stavanger og når det gjeld fedme-kirurgi i Helse Førde og Helse Fonna.

Styret ønskte fokus på samhandling mellom helseføretaka for å etablere ein god kultur for å dele kunnskap/lære av kvarandre.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok verksemderapport pr. 31 juli 2007 til orientering
2. Styret vedtar at frå og med august skal helseføretaka løyse opp avsetningane og rapportere årsprognose som inkluderer tilleggsloyminga gitt i St.prp. nr 44.

## **073/07 B Helse2020 – Strategi for helseregionen**

**Kommentarar:**

Prosjekt Helse2020 har utarbeida ein revidert strategi for helseregionen. Gjennom prosjektet har ein vist at helsesektoren står overfor ei rad krevjande utfordringar i eit 2020-perspektiv.

Samtidig representerer ny kunnskap, teknologi og metode spennande moglegeheiter. Skal ein lukkast med å møte desse, må dette skje på ein planmessig og heilskapleg måte der samanhengar vert avdekkja og får si praktiske løysing.

I høyringsprosessen er det komme tilbakemelding frå til saman 38 høyringsinstansar, medan strategidokumentet vart sendt på høyring til ca. 135 ulike adresser.

Mange har gjeve ros for ein vel utarbeida plan og for ei truverdig beskriving av utfordringsbiletet framover. Mange har også meldt seg på for aktiv deltaking i den vidare detaljeringsa og gjennomføringa av føreslatté tiltak.

Kommunikasjonen i samband med HELSE2020 har gjennom alle fasar av prosjektet vore tufta på ein grundig og omfattande kommunikasjonsstrategi. Dette gjeld både for å forankre prosjektet, samle inn idear og synspunkt gjennom storsamlingane – og mot slutten av prosjektet der forslaget til strategidokument har vore på ei omfattande høyringsrunde. Svært mange tilsette har vore med i prosessen samstundes som ulike eksterne aktørar har gitt uttrykk for synspunkta sine. Styra i helseføretaka har fått statusrapportar og har òg hatt HELSE2020 til uttale.

I høyringsuttalene er det mest fokus på følgjande område:

- Samhandling mellom nivåa
- Meir bruk av IKT og telemedisin, også mellom nivåa
- Kvaliteten på tenestene
- Klarare retning i fordeling av oppgåver/funksjonar
- Lokalsjukehusa – rolle og innhald
- Førebygging og rehabilitering

Høyringa gir stor tilslutnad til visjon, verdiar og mål.

Administrerande direktør la fram saka med følgjande forslag til vedtak:

Administrerande direktør sitt forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek "Helse2020 – Strategi for helseregionen" slik den no ligg føre med dei føreslårte endringane frå høyringa.
2. Den vedtekne planen skal
  - a. Gi retning for utviklinga fram mot 2020
  - b. Legge grunnlaget for prioriterte tiltak dei neste fire åra
  - c. Vere styrande for ei årleg oppdatering av tiltak og prosjektporlefølje som vert vedtekne i styringsdokument og budsjett for HFa.
3. Gjennomføring skal skje i nær og god samhandling med eigne føretak og med dei eksterne aktørane. Strategien skal vere førande for prioritering av ressursbruken og i samsvar med planlagde tiltak og prosjekt.
4. Helse 2020 er ein strategiplan for heile helseregion Vest, og legg føringer for utvikling av pasienttilbodet innan spesialisthelsetenesta i regionen. Det er difor grunnleggjande at visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane vert felles for heile føretaksgruppa og erstattar det som finst av lokale overordna målformuleringar.
5. Kvart helseføretak har ansvar for at strategidokumentet og kortversjonen (visjon, verdigrunnlag og målsettingar) blir gjort kjent i organisasjonen. Visjon, verdigrunnlag og målsettingar ligg fast for heile føretaksgruppa og dannar grunnlag for dei vidare prosessane i kvart helseføretak.

Aslaug Husa ønskete at saka blei utsett til neste styremøte for å gje dei tilsette tilstrekkeleg tid til å gjennomgå og kvalitetssikre dei tilsette si involvering i høyringsprosessen.

Aslaug Husa sitt utsettingsforslag:

1. For å sikre at det i høyringsprosessen er gjennomført prosessar som sikrar at dei tilsette har fått moglegheit til å uttale seg og få fram sine innspel til strategidokumentet, blir saka utsett til neste styremøte.
2. Det skal utarbeidast ein oversikt over tilsette sine innspel i høyringsprosessen før endeleg behandling av saka.

Styret slutta seg til Aslaug Husa sitt utsettingsforslag.

**Vedtak (samrøystes):**

1. For å sikre at det i høyringsprosessen er gjennomført prosessar som sikrar at dei tilsette har fått moglegheit til å uttale seg og få fram sine innspel til strategidokumentet, blir saka utsett til neste styremøte.
2. Det skal utarbeidast ein oversikt over tilsette sine innspel i høyringsprosessen før endeleg behandling av saka.

## **074/07 B Utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalet Betanien**

### **Kommentarar:**

I Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2008 blei det sett av midlar til utbyggingsprosjekt. Det blei tidleg i planperioden gjort ei prioritering av aktuelle prosjekt i dei einskilde fylkeskommunane og gjort ei samla nasjonal prioritering. Det blei lagt vekt på prosjekt knytt til barne- og ungdomspsykiatrien og utbygging av distriktspsykiatriske sentra (DPS).

Dei regionale helseføretak fekk i samband med sjukehusreforma ansvar for å følgje opp og realisera dei aktuelle prosjekta i sine regionar.

I Helseregion Vest er det til saman 19 prosjekt. Utbygging i private institusjonar er også inkludert. Det er to slike utbyggingsprosjekt.

Styret har tidligare behandla sak om utbygging av Solli sjukehus i samband med omdanning til Fana og Os DPS.

Utbygging av den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken ved Hospitalet Betanien er eit av dei prosjekta som Helse Vest RHF skal bidra til å realisera i høve til den nasjonale opptrappingsplanen for psykisk helse.

Det var opphavleg sett ei kostnadsramme på 20 mill. kr (2002) til prosjektet basert på 20 fagstillingar. Prosjektet ligg godt innanfor denne kostnadsramma.

Talet på fagstillingar er auka til 23 og det er lagt inn ekstra kontor for studentar i praksis, eventuelle forskrarar og mogelegheit for utviding, til saman 28 kontor. I tillegg kommer kontorplassar for merkantilt personale til saman 6 plassar.

Ei utviding til 23 fagstillingar vil kunne forsvarast basert på faglege vurderingar av tal på stillingar pr befolkningseining.

Stiftelsen vil stille tomt og noverande hybelbygg til disposisjon for formålet som sin eigenkapital i prosjektet.

Det er rimeleg at det blir laga ein tilsvarende avtale med stiftelsen som avtalen med eigarane av Solli sjukehus. Denne avtalen inneber at Helse Vest RHF aukar driftsramma til Hospitalet Betanien tilsvarende kapitalkostnaden og at Helse Vest RHF garanterar for denne utgifa i ei periode på 10 år.

Helse Vest får i samband med prosjekta i opptrappingsplanen eit årleg tilskot som er innarbeidd i kapitaltilskotet. Utbygginga er i tråd med vedtatt opptrappingsplan.

Styret ønskete å få framlagt ei prinsippsak i løpet av hausten om handtering av investeringar i høve til private institusjonar.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Helse Vest RHF vil medvirke til utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalet Betanien innafor ei kostnadsramme på 18,2 mill. kr.
2. Stiftelsen Betanien er ansvarlege for utbygginga og finansieringa av denne.
3. Helse Vest RHF aukar driftsramma til Hospitalet Betanien tilsvarende kapitalkostnaden for prosjektet (inntil 18,2 mill. kr) samt auka driftskostnad for nybygget. Administrerande direktør får fullmakt til å framforhandle avtale med stiftelsen som regulerar den økonomiske ramma knytt til prosjektet.
4. Avtalen om tilskot til dekning av kapitalkostnadar mellom Helse Vest RHF og Hospitalet Betanien får ei løypetid på 10 år med mogelighet for forlenging.
5. Utviding av driftsramme med nye stillingar vil bli vurdert i årleg budsjettprosess og samband med fordeling av nye midlar i opptrappingsplan for psykisk helse.

## 075/07 Eventuelt

### **Finansiering av studenthelseteneste ved universitetet i Stavanger – svar på skriftleg spørsmål (Ellen Solheim)**

Ellen Solheim ønskte svar på følgjande skriftleg innsendte spørsmål om studenthelseteneste ved Universitetet i Stavanger :

1) Har Helse Vest mottatt svar frå HOD på brev som vart sendt på anmodning frå styret?

2) Har helseministeren bedt Helse Vest om også å gi tilskot til Universitetet i Stavanger?

Administrasjonen viste til brev til helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 11.03.07.

Helse Vest har ikkje motteke noko formelt brev som svar på brevet, men har fått nokre signal frå HOD på korleis dei vil handtere saka:

I St.prp.nr.1(2006-2007) varsla HOD at departementet vil gjennomgå tilskotsordninga for spesialisthelsetenester til studentar og vurdere korleis ressursane bør fordelast til den enkelte studentsamskipnad. Denne vurderinga vil departementet kome tilbake med i budsjettframlegget til hausten.

Regionale helseføretak har eit sørge for ansvar for alle innbyggjarar i regionen, inkludert studentar.

Å etablere eit særomsorgstilbod til alle studentar er ikkje ønskjeleg.

På bakgrunn av at det er ein velfungerande teneste, vil HOD stille krav om at tilskotet til Studentsamskipnaden i Bergen blir auka med ein million kr. i Oppdragsdokumentet til Helse Vest.

Det skal etablerast ei gruppe til å gå igjennom korleis ein på best mogleg måte kan gje eit godt spesialisthelsetenestetilbod til studentar med spesielt fokus på psykiatriske problemstillingar.

### **Fordeling av midlar til føretaka i Helse Vest – Svar på skriftleg spørsmål (Ellen Solheim)**

Ellen Solheim viste til følgjande innsendte spørsmål:

*"Eg får stadig høre at Helse Stavanger og Helse Fonna er underfinansiert innan somatikk i forhold til Helse Bergen og Helse Førde. Eg vil derfor be om å få framlagt ein orienteringssak til styret, slik at vi kan få ein betre oversikt over fordelinga av midlane som Helse Vest råder over."*

Administrasjonen viste til styresak om inntektsmodellen, som er utarbeida i samarbeid med alle helseføretaka. Alle helseføretak har vore med i arbeidet med å utarbeide ein regional modell for inntektsfordeling mellom helseføretaka. Inntektsmodellen er vedteke i HF-styra og i RHF-styret. Det er semje om at modellen skal evaluerast og at tilpassingar skal gjerast i 2009 etter at det nasjonale inntektsutvalet har levert sitt arbeid

Styret ønskte ikkje nokon ny gjennomgang av inntektsmodellen før 2009.

### **Ventetid på CT ved Stavanger Universitetssjukehus (Ellen Solheim)**

Ellen Solheim ønskte svar på kvifor ventetida på CT-undersøkingar ved SUS er lengre enn ved andre sjukehus. SUS har meldt i frå om at dei har behov for å auke kapasiteten innan dette området. Pasientar som må vente kan nytte fritt sjukehusval og få kortare ventetid ved andre sjukehus.

Dette tilsvarande spørsmål vil alltid handle om prioritering for det aktuelle helseføretak.

### **Plan for internrevisjon (Inger Hamborg)**

Inger Hamborg ønskte ei orientering frå kontrollkomiteen om kvifor sak om plan for internrevisjonen var trekt frå saklista.

Svein Andersen orienterte om at saka var trekt i samråd med styreleiar.

Kontrollkomiteen ønskjer ein ny gjennomgang av saka før styrebehandling. Det er no tilsett ny internrevisor og vidare handsaming av saka må sjåast i samanheng med det.

## **Årleg møte mellom det regionale brukarutvalet og RHF-styret (Oddvard Nilsen)**

Styreleiar orienterte om at det i samband med styremøte i oktober vil bli arrangert årleg møte med det regionale brukarutvalet. Styret var samde om å legge møtet rett etter ordinært styremøte. Brukarutvalet får moglegheit til å komme med innspel til agenda for møtet.

## **Skriv og meldingar**

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest til offentlege sjukehus og private som har avtale med Helse Vest RHF, dagsett 24.07.07 "Pasienthjelpar på plass 20. august"
- Kopi av brev frå HOD til SHdir, dagsett 5.07.07 "En faglig gjennomgang av det nevrokirurgitilbudet i Helse Vest "
- Kopi av brev frå HOD til Helse Stavanger HF, dagsett 09.07.07 "Nevrokirurgisk tilbud i Helse Stavanger HF"
- Kopi av brev frå Riksrevisjonen til Helse Bergen HF, dagsett 11.07.07 "Tilbudet innen psykisk helsevern for voksne "
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Haugland A-senter, dagsett 02.07.07 "Varsel om tilsyn med Haugland A-senter 3. oktober 2007"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til stiftelsen Syd Vest, dagsett 02.07.07 "Varsel om tilsyn med stiftelsen Syd vest 4. oktober 2007"
- Brev frå BLD, HOD, JPD til Helse Vest RHF, dagsett 02.07.07 "Regelverket knyttet til kjønnsledestelse"
- Brev frå Svein Hansen til Helse Vest RHF, dagsett 19.07.07 "Svekka sommarberedskap i Selje kommune"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 04.07.07 "Ventetidsgaranti for barn og unge – prosjektmidler"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Blå Kors poliklinikk, dagsett 05.07.07 "Oppfølging av avvik"
- Kopi av brev frå Statens Strålevern til Helse Stavanger HF, dagsett 09.07.07 "Vedrørende tilbakemelding pålegg om utbedring"
- Kopi av brev frå SHdir til Helse Bergen HF, dagsett 27.06.07 "Tilskudd til utdanningsprogrammet "Kropp og selvfølelse" over statsbudsjettet kap. 743.62 for 2007"
- Kopi av brev frå Regionalt Brukerutvalg i Helse Vest til Helse Vest RHF, dagsett 01.07.07 "Vurdering av honorar til regionalt brukerutvalg"
- Brev frå KLP forsikring til Helse Vest RHF, dagsett 04.07.07 "KLP overfører kr. 358 000 til Helse Vest RHF"
- Kopi av brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 06.08.07 "Helseføretaka sine rutinar vedrørande mottak og forvaltning av gåver"

- Brev fra HOD til RHFa, dagsett 23.08.07, "Helseforetakenes arbeid for å sikre likebehandling – oppfølging av møte"
- Brev fra HOD til Helse Vest RHF, dagsett 22.08.07 "Offentlighet i forbindelse med styremøter"
- Kopi av brev fra Sørlandets Sykehus til Sleep Well AS, dagsett 23.08.07 "Oppsigelse av avtale om heletjenester"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i styremøte:

- Program for styreseminar på Sundvollen 17. og 18. september

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger 5. september 2007

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Svein Andersen

Sett:

---

Reidun Korsvoll

---

Gisle Handeland

---

Ellen Solheim

Sett:

---

Magnar Lussand

---

Gunnvor A. Sunde

---

Aslaug Husa

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid